



TIL HORDALAND FYLKESKOMMUNE V/ FYLKESTINGET.

ÅRSREKNESKAPEN 2014 FOR HORDALAND FYLKESKOMMUNE, UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.

Kontrollutvalet har i møte 4.5.2015 handsama Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2014.

Representantar frå administrasjonen og ansvarleg revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svarte på spørsmål.

Av rekneskapen for 2014 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 52,3 mill dvs. netto resultatgrad på 0,66 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 3,0 % i 2014. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet oppjustert til 4,0 %.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning. Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Hordaland fylkeskommune har ei lånegjeld tilsvarande 96 % av sum driftsinntekter, altså monaleg høgare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarande er disposisjonsfondet på 4,36 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Hordaland fylkeskommune høg lånegjeld, svakt driftsresultat for 2014 og eit disposisjonsfond som også er litt lågt.

Kontrollutvalet merkar seg m.a. følgjande frå rådmannen sin uttale i årsmeldinga:

«Hordaland fylkeskommune har 8,1 milliardar kroner i lånegjeld pr. 31.12.2014. Det er 891 millionar kroner meir enn i 2013, og det er først når vi trekkjer frå utgifter til renter og avdrag at vi får eit netto driftsresultat på 52,3 millionar kroner, mot 526,5 millionar i 2013. Ein god del av denne nedgangen skuldast ei rekneskapsteknisk endring i føring av momskompensasjon. Likevel er det ein markert reell nedgang i netto driftsresultat i høve til inntektene, frå 2,1 % i 2013 til 0,7 % i 2014. Den tilsvarande nedgangen for heile landet er frå 6,0 % til 3,0 %. Nedgangen i Hordaland kjem ikkje uventa, sidan fylket vårt er blant dei som har høgast investeringar, men endringa i momsføringa gjer at det slår endå sterkare ut hos oss. Eit netto driftsresultat på 0,7 % av inntektene inneber at Hordaland fylkeskommune har avgrensa handlingsrom og lite evne til å tole svingingar i økonomien.»

Fylkesrådmannen har her god observasjon ift. ei utvikling med høgare lånegjeld og svakare driftsresultat. Driftsresultatet var faktisk på 6,6 % (ikkje 2,1 %) i 2013, slik det og står i kapittelet om driftsrekneskap i årsmeldinga, så nedgangen vart på ca. 6 % frå 2013 til 2014.

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5 der m.a. går fram at «å sikre betryggende kontroll», «etikk» og «likestilling» skal omtalast. Forhold som gjeld likestilling og etikk synest også i 2014 å vera greitt omtala. Det vart i 2013 gjort endringar i kommunelova § 48 nr. 5 ved at der er teke inn: «Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll...» I dette ligg det eit krav til å orientera i årsmeldinga om fylkesrådmannen sin internkontroll.

I kontrollutvalet sin uttale for 2013 stod dette:

«Kontrollutvalet kan ikkje sjå at dette er omtala i årsmeldinga for 2013. Punktet vil verta vurdert grundigare ved årsmeldinga for 2014.»

Kontrollutvalet kan heller ikkje i årsmeldinga for 2014 sjå at fylkesrådmannen sin internkontroll er omtala i tråd med kommunelova.

Kontrollutvalet tilrår at fylkeskommunen prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2014 nr. 13 frå Deloitte. Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i fylkeskommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til fylkeskommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen, samt revisjonsmelding og revisjonsrapport frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Uttalen skal sendast til fylkestinget, med kopi til fylkesutvalet.

Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet oppmoder fylkeskommunen om å prioritere å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport 2014, frå Deloitte
- Kontrollutvalet er uroa over at Hordaland fylkeskommune si lånegjeld (96 % ift. driftsinntektene) ligg monaleg over Riksrevisjonen si tilråding om å ligga under 75 %, samstundes som driftsresultat for 2014 er lågt og disposisjonsfond som også er litt lågt.
- Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen i årsmeldinga for 2015 omtalar internkontroll i tråd med kravet i kommunelova § 48.5.

Ut over det som nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka samt revisjonsmeldinga av 15.4.2015 og revisjonsrapport 2014, nr. 13, dagsett 15.4.2015, har kontrollutvalet ikkje merknader til Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2014.

Bergen, 4.5.2015

Torill Veбенstad
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Hordaland fylkeskommune, fylkesutvalet